



Mats Røssland har registrert to selskap i år med Uskedalen som adresse. For stutt tid sidan kjøpte han Vertshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er registrert 90 nye selskap i Kvinnherad til no i år melder Kvinnheringen.

Sju av dei har Uskedalen som adresse, og det er desse:

- Brødrene Musland Maskin DA. Entreprenørverksemd innan bygg og anlegg med tilhøyrande aktivitetar. Roar Musland er dagleg leiar. Han har 50 prosent og Tore Musland 50 prosent.
- Lio Sag Holding AS. Investering i aksjar, verdipapir m.m. Aksjekapital 120.000. Rune Malvin Myklebust er styreleiar.
- Acco AS. Kjøp/sal og drift av fast eigedom m.m. Aksjekapital 600.000. Ivar Gundersen er dagleg leiar og styreleiar.
- MR Holding AS. Investeringsverksemd og eige av aksjar i andre selskap m.m. Aksjekapital 2.900.000. Mats Røssland er styreleiar.
- RH Racing AS. Sal av radiostyrte bilar, båtar, fly, halikopter og lignende. Aksjekapital 100.000. Rune Hjønnevåg er dagleg leiar og styreleiar.
- T.S. Taxidrift. Drift av taxi og generell persontransport. Tore Steinsvik er eigar.
- Verdiutvikling AS. Kjøp, utvikling og sal av fast eigedom. Aksjekapital 2.500.000. Mats Røssland er styreleiar.